

Oversikt over garantiansvar for vegprosjekt RTP- og NTP-perioden med bompengefinansiering

I møteboka frå fylkesutvalet sitt møte 01.02.18 er det under PS 27/18 *Open time* teke inn følgjande:
«Roald Kvamme, A, stilte slikt spørsmål:

«Kan fylkesutvalet få ein oversikt over garantiansvaret fylkeskommunen vil få dersom alle vegprosjekt i RTP- og NTP-perioden vil få bompengefinansiering slik det er føreslått per d.d.?

Kan det gjerast ei vurdering av konsekvensar dersom ferjeavløysingsprosjekt også vil få eit parallelt privat ferjetilbod?»

Fylkesrådmannen kjem tilbake med skriftleg svar.»

Fylkesrådmannen kan gje følgjande oversyn over **garantiansvaret**:

Rekneskapan for 2017 er under ferdigstilling/revidering og av den vil det framgå at Hordaland fylkeskommune ved utgangen av 2017 har garantert for lån på til saman nær 17,2 mrd. kr. Av garantisummen var lån på vel 10,6 mrd. kr tekne opp ved utgangen av fjoråret. Av 14 lånegarantiar totalt, gjeld 13 garantiar lån som bompengeselskap har teke opp.

Tabellen under viser kva for prosjekt som ligg inne i **Nasjonal transportplan** i perioden 2018-29:

	Kostnads- overslag	Statlege midlar 2018-23	Statlege midlar 2023-29	Anna finansiering 2018-2029
Rv555 Sotrasambandet	9 600	4 500	600	4 500
E39 Hordfast, Ådland-Svegatjørn (start)	40 000		14 000	5 000
E39 Vågsbotn-Klauvaneset (start)	5 400		200	100
E134 Vågslid –Røldal (start)	4 000		250	50
E134 Røldal-Seljestad	2 900		2 400	500
E16 Stanghelle-Arna	11 000		7 600	3 400
E16 Ringvei Øst Arna-Vågsbotn	4 500		2 200	2 300
Sum	77 400	4 500	27 250	15 850

Kolonna med nemninga anna finansiering vil i praksis seie bompengefinansiering. Det er følgjeleg lagt opp til bompengefinansiering på nær 16 mrd. kr i perioden, alt i andre del av perioden. Fylkestinget har alt garantert for 2,7 mrd. kr for Sotrasambandet, så når ein tek omsyn til dette vert totalsummen i kolonna Anna finansiering vel 13 mrd. kr der størsteparten gjeld bompengelån med føresetnad om garanti. Fylkesrådmannen vil peike på at garantibeløpet kan bli høgare, då E39 Hordfast og E39 Klauvaneset-Vågsbotn og E134 Vågslid-Røldal ikkje er slutførte i perioden.

Fylkesrådmannen vil samstundes presisere at overslaga som er gjort for Anna finansiering i NTP-samanheng, er basert på grove estimat. Det må utarbeidast bompengesøknad for kvart prosjekt, og bompengedelen kan fråvike frå det som er utrekna i NTP-samanheng. Kostnadsestimata er også førebelse.

Investeringsprogrammet for **Regional transportplan** viser planlagde bompengeprojekt i komande periode. Det gjeld i stor grad bompengepakkar der, utover dei som er i gang/vedtekne, Kvinnheradspakken, Stordpakken, vidareføring av Bømløpakken, Kvammapakken II (Tokagjelet), Austevollpakken er nemnt. I

tillegg bompengepakkane er dei strekningsvise prosjekta fv.107 Austrepollen-Nordrepollen, Alversundbrua og ulike ferjeavløysingsprosjekt nemnde.

Dei fleste av desse prosjekta er under utgreiing og det er for tidleg å ha sikker meining om kor stor bompengedelen av finansieringa vert. Fylkesrådmannen trur likevel det også her vert tale om ein god del bompengefinansiering med tilhøyrande fylkeskommunal garanti for lån – om dagens praksis skal følgjast.

Summen av det som er nemnt ovanfor gjer at ein kjem opp i svært høgt samla garantiansvar. Summen av garantiane på 17 mrd. kr som alt er gitt og det som det er lagt opp til i NTP på om lag 13 mrd. kr gjer at ein kjem opp i 30 mrd. kr totalt. I tillegg kjem garantiar for prosjekt/bompengepakkar i RTP slik at totalsummen endar ein stad mellom 30 og 40 mrd. kr. Ein del av dei gjevne garantiane vil falla bort i perioden, slik at totalsummen vil verta noko lågare.

Fylkesrådmannen vil gje følgjande **vurdering av konsekvensar** om ferjeavløysingsprosjekt får eit parallelt ferjetilbod:

Generelt vurderer fylkesrådmannen at parallelle ferjetilbod på strekningar/prosjekt som fylkeskommunen har garantert for vil auke risikoen for garantien. I kor stor grad risikoen aukar avheng av det einkilde prosjekt og samband. Om ferjesambandet er ein liten del av den samla trafikken, vil sjølvsagt risikoen mindre for at den fylkeskommunale garantien vert gjort gjeldande enn om det parallelle sambandet tek ein stor del av trafikken.

Fylkesrådmannen er kjent med at det pågår drøftingar i Rogaland kring desse problemstillingane.

Fylkesrådmannen kan ikkje gje noko konkret vurdering for einskildprosjekt no. Ved vurdering av garantisøknader er sjølvsagt trafikkprognosar avgjerande for evna det aktuelle bompengeselskapet har til å betale ned lån som er tekne opp til prosjektet. Desse trafikkprognosane er dermed avgjerande for vurdering av kva risiko det er med å gje garanti for lån i konkrete prosjekt.